

Os vgs

Dato: 26.01.2018
Vår ref.: 2018/92-54
Saksbehandlar: venbar
Dykkar ref.:

Os vidaregåande skule - tildeling skulefrukost

Auka midlar til skulefrukost for 2018 vart vedteke i Fylkestinget i desember 2017, og blei lyst ut til dei vidaregåande skulane 03.01.2018.

Takk for interessa skulen har vist gjennom å søkje midlar. Det er gledeleg å sjå at nesten samtlege skular søker støtte til gratis skulefrukost for elevane.

Os vidaregåande skule blir tildelt kr 200 000 for budsjettåret 2018.

Midlane som blir fordelt på skulane, skal gå til råvarene dei treng til frukosten, ikkje til løn i samband med gjennomføring av prosjektet.

Alle utgiftene knytta til prosjekt *Gratis skulefrukost*, må konterast på **prosjekt 65 300**.

Skulane pliktar å sende inn ein rapport med frist **15.12.2018**, om organisering, økonomi og deltaking.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Venke Barrikmo
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.